

KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2018/680**2019/EØS/50/61****av 2. mai 2018****om fastsetjing av kriterium for tildeling av EU-miljømerket til innandørs reingjeringstenester***[meld under nummeret K(2018) 2503](*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 2,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Ved forordning (EF) nr. 66/2010 er det fastsett reglar for innføring og bruk av den frivillige ordninga for tildeling av EU-miljømerket, som har til føremål å fremje varer og tenester med eit høgt miljøprestasjonsnivå.
- 2) Ved forordning (EF) nr. 66/2010 vart det fastsett at det skal innførast særlege kriterium for tildeling av EU-miljømerket for kvar produktgruppe.
- 3) Framlegget til utarbeiding av kriterium for tildeling av EU-miljømerket til innandørs reingjeringstenester vart fremja av representantar frå den profesjonelle reingjeringssektoren. På dette grunnlaget har Kommisjonen teke initiativ til og leidd arbeidet med å utarbeide slike kriterium.
- 4) Det bør fastsetjast kriterium for tildeling av EU-miljømerket til innandørs reingjeringstenester med sikte på å fremje bruk av reingjeringsmiddel og reingjeringsartiklar som har liten innverknad på miljøet, og opplæring av personale i miljøspørsmål, dei grunnleggjande delane av ei miljøstyringsordning og rett sortering av avfall.
- 5) Kriteria for tildeling av EU-miljømerket til innandørs reingjeringstenester og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll bør gjelde i eit tidsrom på fem år frå datoen då det vart gjeve melding om denne avgjerda, samstundes som det vert teke omsyn til innovasjonssyklusen til denne produktgruppa.
- 6) Kvar produktgruppe har ein kode som inngår i registreringsnummeret til EU-miljømerket. For at dei rette organa skal kunne tildele eit registreringsnummer til innandørs reingjeringstenester som oppfyller kriteria for tildeling av EU-miljømerket, må denne produktgruppa få tildelt eit kodenummer.
- 7) Dei føresegnene som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

1. Produktgruppa «innandørs reingjeringstenester» skal omfatte yting av jamleg utførte profesjonelle reingjeringstenester som vert utførte innandørs i forretningsbygg, institusjonar og andre offentleg tilgjengelege bygningar og i private bustader. Område der det vert utført reingjeringstenester kan omfatte, men er ikkje avgrensa til, kontorområde, sanitæranlegg og offentleg tilgjengelege sjukehusområde, til dømes korridorar, venterom og pauserom.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 114 av 4.5.2018, s. 22, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 163/2018 av 6. juli 2018 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), ennå ikke kunngjort.

(1) TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

2. Produktgruppa skal òg omfatte reingjering av glasoverflater som kan nåast utan bruk av spesialutstyr eller maskiner.
3. Denne produktgruppa skal ikkje omfatte desinfeksjons- eller reingjeringsverksemd som vert utført på produksjonsstadene, eller verksemd der det er kunden som leverer reingjeringsmidla.

Artikkel 2

I denne avgjerda tyder

- 1) «jamleg utførte profesjonelle reingjeringstenester» profesjonelle reingjeringstenester som vert ytte minst éin gong kvar månad, bortsett frå reingjering av glasoverflater, som skal reknast som jamleg utført dersom dei vert reingjorde minst éin gong kvar tredje månad,
- 2) «ufortynna reingjeringsmiddel» produkt som må tynnast ut før bruk, og som har ein fortynningsgrad på minst 1:100,
- 3) «reingjeringsartiklar» reingjeringsutstyr som kan nyttast fleire gonger, til dømes klutar, moppar og vassbøtter,
- 4) «mikrofiber» syntetiske fibrar som er finare enn éin denier eller decitex per tråd,
- 5) «lokala til søkjaren» lokala der søkjaren utfører administrative og organisatoriske oppgåver som er knytte til verksemda hans,
- 6) «EU-miljømerkte innandørs reingjeringsoppgåver» oppgåver som vert utførte av personale som del av ei innandørs, jamleg utført profesjonell reingjeringsteneste.

Artikkel 3

1. For å få tildelt EU-miljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 skal ei teneste høyre inn under produktgruppa «innandørs reingjeringstenester» slik det er definert i artikkel 1 i denne avgjerda, og skal oppfylle dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedlegget til denne avgjerda, og dessutan dei følgjande vilkåra:

- a) Tenesta skal oppfylle alle dei obligatoriske kriteria som er fastsette i vedlegget til denne avgjerda.
- b) Tenesta skal oppfylle ein tilstrekkeleg del av dei valfrie kriteria som er fastsette i vedlegget til denne avgjerda, til å kunne oppnå minst 14 poeng.
- c) Rekneskapane for tenesta skal vere åtskilde frå andre tenester som den same leverandøren yter, og som ikkje høyrer inn under verkeområdet for denne avgjerda, medrekna andre innandørs reingjeringstenester som ikkje oppfyller krava i denne avgjerda.

2. Ein leverandør som er tildelt EU-miljømerket for innandørs reingjeringstenester, skal ikkje yte andre tenester som ikkje er omfatta av EU-miljømerket, med mindre dei innandørs reingjeringstenestene som har fått tildelt EU-miljømerket, vert ytte av ei underavdeling, eit dotterføretak eller ein filial, eller av ei avdeling hjå leverandøren som er klart åtskild frå verksemda hans, og som det vert ført åtskilde rekneskapar for.

Alle andre tenester som denne leverandøren yter, og som ikkje høyrer inn under verkeområdet for denne avgjerda, medrekna andre innandørs reingjeringstenester som ikkje oppfyller krava i denne avgjerda, skal ikkje vere omfatta av EU-miljømerkisensen for innandørs reingjeringstenester, og skal ikkje marknadsførast som ei slik teneste.

3. Dersom ein leverandør som er tildelt EU-miljømerket for innandørs reingjeringstenester, nyttar underleverandørar for å yte slike tenester, må underleverandørane òg ha EU-miljømerkisens for innandørs reingjeringstenester.

Artikkel 4

Kriteria for produktgruppa «innandørs reingjeringstenester» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde i fem år frå datoen då det vart gjeve melding om denne avgjerda.

Artikkel 5

For administrative føremål vert produktgruppa «innandørs reingjeringstenester» tildelt kodennummeret «052».

Artikkel 6

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 2. mai 2018.

For Kommisjonen

Karmenu VELLA

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

**KRITERIUM FOR TILDELING AV EU-MILJØMERKET OG KRAV TIL VURDERING OG KONTROLL FOR
PRODUKTGRUPPA «INNANDØRS REINGJERINGSTENESTER»**

MÅLSETJING

KRITERIUM

Kriterium for tildeling av EU-miljømerket til produktgruppa «innandørs reingjeringstenester»:

Obligatoriske kriterium

Kriterium M1: Bruk av reingjeringsmiddel som har liten innverknad på miljøet

Kriterium M2: Dosering av reingjeringsmiddel

Kriterium M3: Bruk av mikrofiberprodukt

Kriterium M4: Opplæring av personale

Kriterium M5: Grunnleggjande delar av ei miljøstyringsordning

Kriterium M6: Sortering av fast avfall i lokala til søkjaren

Kriterium M7: Opplysningar på EU-miljømerket

Valfrie kriterium

Kriterium O1: Omfattande bruk av reingjeringsmiddel som har liten innverknad på miljøet (opp til 3 poeng)

Kriterium O2: Bruk av konsentrerte ufortynna reingjeringsmiddel (opp til 3 poeng)

Kriterium O3: Omfattande bruk av mikrofiberprodukt (opp til 3 poeng)

Kriterium O4: Bruk av reingjeringsartiklar som har liten innverknad på miljøet (opp til 4 poeng)

Kriterium O5: Energieffektivitet for støvsugarar (3 poeng)

Kriterium O6: EMAS-registrering eller ISO 14001-sertifisering av tenesteytaren (opp til 5 poeng)

Kriterium O7: Handtering av fast avfall på reingjeringsstadene (2 poeng)

Kriterium O8: Kvalitet på tenesta (opp til 3 poeng)

Kriterium O9: Køyretøy som søkjaren eig eller leiger (opp til 5 poeng)

Kriterium O10: Effektiviteten til vaskemaskiner som søkjaren eig eller leiger (opp til 4 poeng)

Kriterium O11: Miljømerkte tenester og andre miljømerkte produkt (opp til 5 poeng)

Kriterium O12: Forbruksvarer og elektriske lufthandtørkarar som vert leverte til kunden (opp til 3 poeng)

VURDERING OG KONTROLL

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er oppførte under kvart kriterium.

Når søkjaren skal leggje fram fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet oppfyller kriteriana, kan desse kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane til søkjaren og/eller frå underleverandøren eller underleverandørar.

Dei rette organa skal først og fremst godkjenne attestar som er utferda av organ som er akkrediterte i medhald av den relevante harmoniserte standarden for prøvings- og kalibreringslaboratorium, og kontrollerte av organ som er akkrediterte i medhald av den relevante harmoniserte standarden for organ som sertifiserer produkt, framgangsmåtar og tenester. Akkrediteringa skal gjennomførast i samsvar med føresegnene i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 765/2008⁽¹⁾.

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 765/2008 av 9. juli 2008 om fastsettelse av kravene til akkreditering og markedstilsyn for markedsføring av produkter, og om oppheving av forordning (EØF) nr. 339/93 (TEU L 218 av 13.8.2008, s. 30).

Informasjon i form av utdrag frå miljøfråsegner som er sende inn i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009⁽¹⁾, kan nyttast som dokumentasjon i staden for dei attestane som er nemnde i det førre leddet.

Det kan nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er oppførte under kvart kriterium, dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Dei rette organa kan krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Dei rette organa skal gjennomføre vitjingar på staden i lokala til søkjaren, og minst éi vitjing på staden medan reingjeringsstena vert utført på reingjeringsstaden før tildelinga finn stad.

Etter å ha fått tildelt EU-miljømerkisensen skal søkjaren jamleg sende over til det rette organet ei liste over reingjeringsstadene der dei utfører EU-miljømerkte reingjeringsstenester, og opplyse om kva som er første og siste dagen dei driv verksemd på kvar stad. Det skal ikkje gå meir enn fire månader mellom kvar gong det vert gjeve melding om nye reingjeringsstader, med mindre søkjaren ikkje har inngått nye kontraktar. Det rette organet kan gjennomføre jamlege oppfølgingsvitjingar i lokala til søkjaren eller på ein reingjeringsstad i det tidsrommet som miljømerket er tildelt for.

Det er ein føresetnad at tenestene oppfyller alle lovfesta krav i staten eller statane der dei innandørs reingjeringsstenestene vert utførte. Føretaket skal vere verksamt og registrert i samsvar med nasjonale eller lokale lover, og personalet til føretaket skal vere tilsette og forsikra på lovleg måte. For dette føremålet skal personalet ha ein gyldig skriftleg kontrakt som er i samsvar med nasjonal lovgjeving, dei skal minst få den nasjonale eller regionale minsteløna som er fastsett ved tariffavtaler eller, dersom det ikkje ligg føre tariffavtaler, minst få den nasjonale eller regionale minsteløna, og dei skal ha ei arbeidstid som er i samsvar med nasjonal lovgjeving.

Søkjaren skal stadfeste og dokumentere at tenestene oppfyller desse krava gjennom uavhengige kontrollar eller dokumentasjon, utan at det rører ved nasjonal personvernlovgjeving (til dømes kopi av ein skriftleg velferdsplan, kopiar av kontraktar, fråsegner om at dei tilsette er registrerte i det nasjonale sosialforsikringssystemet, offisiell dokumentasjon/registerutskrift med namn og tal på tilsette, som er utferda av arbeidstilsynet hjå dei lokale styresmaktene eller ein representant for dette tilsynet).

Vidare kan dei rette organa utføre intervju med tilfeldig utvalde tilsette i samband med vitjingar på staden.

OBLIGATORISKE KRITERIUM

Kriterium M1 — Bruk av reingjeringsmiddel som har liten innverknad på miljøet

Dette kriteriet omfattar berre produkt som vert nytta direkte ved utføring av EU-miljømerkte innandørs reingjeringsstenester. Søkjaren skal oppfylle både kriterium M1 a) og M1 b).

M1 a) Produkt med EU-miljømerket eller eit anna ISO type I-merke

Minst 50 % av den innkjøpte mengda av alle reingjeringsmiddel som vert nytta per år, bortsett frå våtserviettar, andre førehandsfukta produkt og produkt som vert nytta til impregnering og konservering av moppar (ved maskinvask), skal vere tildelte EU-miljømerket for reingjeringsmiddel til harde overflater i samsvar med kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1217⁽²⁾ eller eit anna EN ISO 14024 type I-miljømerke som er offisielt godkjent nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane.

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal kvart år leggje fram opplysningar (handelsnamn og produktmengd) og dokumentasjon (medrekna relevante fakturaer eller lagerlister) som viser kva reingjeringsmiddel som vert nytta i samband med kontraktar om EU-miljømerkte innandørs reingjeringsstenester. Dersom det vert nytta produkt som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet og/eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med avgjerd (EU) 2017/1217.

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 av 25. november 2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS), og om oppheving av forordning (EF) nr. 761/2001 og kommisjonsvedtak 2001/681/EF og 2006/193/EF (TEU L 342 av 22.12.2009, s. 1).

⁽²⁾ Kommisjonsbeslutning (EU) 2017/1217 av 23. juni 2017 om fastsettelse av kriteriene for tildeling av EU-miljømerket til rengjøringsmidler til harde overflater (TEU L 180 av 12.7.2017, s. 45).

Dersom det vert nytta produkt med eit anna ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket og/eller av etiketten på emballasjen.

M1 b) Farlege stoff

- i) Produkt som ikkje har fått tildelt EU-miljømerket for reingjeringsmiddel til harde overflater eller eit anna EN ISO 14024 type I-miljømerke som er offisielt godkjent nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane, skal ikkje innehalde stoff som er oppførte i kriterium 4 bokstav a) i) for tildeling av EU-miljømerket til reingjeringsmiddel til harde overflater, utan omsyn til konsentrasjonen til stoffet.
- ii) Produkt som ikkje har fått tildelt EU-miljømerket for reingjeringsmiddel til harde overflater eller eit anna EN ISO 14024 type I-miljømerke som er offisielt godkjent nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane, skal ikkje innehalde stoff som er oppførte i kriterium 4 bokstav a) ii) for tildeling av EU-miljømerket til reingjeringsmiddel til harde overflater, i større mengder enn dei som er tillatne etter dette kriteriet.
- iii) Produkt som ikkje har fått tildelt EU-miljømerket for reingjeringsmiddel til harde overflater eller eit anna EN ISO 14024 type I-miljømerke som er offisielt godkjent nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane, skal ikkje vere klassifiserte og merkte som akutt giftige, giftige for visse organ, luftvegs- eller hudsensibiliserande, kreftframkallande, arvestoffskadelege, reproduksjonstoksiske eller farlege for miljøet, i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008⁽¹⁾ og tolka i samsvar med dei fasetningane som er oppførte i tabellen nedanfor.

Våtserviettar og andre førehandsfukta produkt skal oppfylle dette kravet.

Avgrensingar som gjeld for fareklassar og inndelinga deira

Akutt giftverknad	
Kategori 1 og 2	Kategori 3
H300 Dødeleg ved svelging	H301 Giftig ved svelging
H310 Dødeleg ved hudkontakt	H311 Giftig ved hudkontakt
H330 Dødeleg ved innanding	H331 Giftig ved innanding
H304 Kan vere dødeleg ved svelging dersom det kjem ned i luftvegane	EUH070 Giftig ved kontakt med auga
Giftverknad på visse organ	
Kategori 1	Kategori 2
H370 Fører til organskadar	H371 Kan føre til organskadar
H372 Fører til organskadar ved langvarig eller fleire gongers eksponering	H373 Kan føre til organskadar ved langvarig eller fleire gongers eksponering
Luftvegs- og hudsensibilisering	
Kategori 1A	Kategori 1B
H317 Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon	H317 Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon
H334 Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding	H334 Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008 av 16. desember 2008 om klassifisering, merking og emballering av stoffer og stoffblandinger, om endring og oppheving av direktiv 67/548/EØF og 1999/45/EF, og om endring av forordning (EF) nr. 1907/2006 (TEU L 353 av 31.12.2008, s. 1).

Kreftframkallande, arvestoffskadelege eller reproduksjonstoksiske	
Kategori 1A og 1B	Kategori 2
H340 Kan føre til genetiske skadar	H341 Mistenkt for å kunne gje genetiske skadar
H350 Kan føre til kreft	H351 Mistenkt for å kunne føre til kreft
H350i Kan føre til kreft ved innanding	
H360F Kan skade forplantingsevna	H361f Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna
H360D Kan gje fosterskadar	H361d Mistenkt for å kunne gje fosterskadar
H360FD Kan skade forplantingsevna. Kan gje fosterskadar	H361fd Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna. Mistenkt for å kunne gje fosterskadar
H360Fd Kan skade forplantingsevna. Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	H362 Kan skade barn som vert amma
H360Df Kan gje fosterskadar. Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna	
Farleg for vassmiljøet	
Kategori 1 og 2	Kategori 3 og 4
H400 Svært giftig for liv i vatn	H412 Skadeleg, med langtidsverknad, for liv i vatn
H410 Svært giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	H413 Kan føre til skadelege langtidsverknader for liv i vatn
H411 Giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	
Farleg for ozonlaget	
H420 Farleg for ozonlaget	

Vurdering og kontroll:

Punkt i) og ii): Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn som er underbygd med fråsegner frå leverandørar, og som stadfestar at dei stoffa som er oppførte i lista, ikkje er nytta i produktsamansetnaden, utan omsyn til konsentrasjon eller kor mykje dei overstig dei fastsette grensene.

Punkt iii): Søkjaren skal leggje fram ei samsvarsfråsegn som er underbygd med tryggleiksdatablad for alle produkt som ikkje har fått tildelt EU-miljømerket for reingjeringsmiddel til harde overflater eller eit anna ISO type I-merke.

Kriterium M2 — Dosering av reingjeringsmiddel

Personale som utfører EU-miljømerkte innandørs reingjeringsoppgåver, skal ha tilgang til eigna doserings- og fortynningsutstyr for dei reingjeringsmidla som vert nytta (til dømes automatar, målebeger/kapslar, handpumper, spray), anten på reingjeringsstaden eller i lokala til søkjaren. Dei skal òg ha tilgang til instruksjonar om korrekt dosering og fortynning.

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ei liste over det utstyret som er stilt til rådvelde, og med høveleg dokumentasjon som viser at reingjeringspersonalet har fått instruksjonar om korrekt dosering og fortynning.

Kriterium M3 — Bruk av mikrofiberprodukt

Dette kriteriet omfattar berre reingjeringsartiklar av tekstil som kan nyttast fleire gonger, og som vert nytta direkte ved utføring av EU-miljømerkte innandørs reingjeringsstenester.

Minst 50 % av reingjeringsartiklane av tekstil (til dømes klutar, moppar) som vert nytta per år, skal vere framstilte av mikrofiber.

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal kvart år leggje fram opplysningar (type og produktmengd) og dokumentasjon (medrekna relevante fakturaer eller lagerlister) som viser kva reingjeringsartiklar av tekstil som vert nytta, og opplyse om kva artiklar som er framstilte av mikrofiber.

Kriterium M4 — Opplæring av personale

Søkjaren skal gje reingjeringspersonale som utfører EU-miljømerkte innandørs reingjeringsoppgåver, og arbeidsleiarar som fører tilsyn med utføringa av desse oppgåvene, informasjon og opplæring, medrekna skriftlege framgangsmåtar eller handbøker. Opplæringa skal omfatte følgjande område, i den grad dei er relevante for oppgåvene som personalet utfører:

- Personalet skal gjerast medvitne om kva EU-miljømerket er og kva det inneber for reingjeringsstenestene.

Reingjeringsmiddel:

- Personalet skal lærast opp til å nytte korrekt dosering av middelet til kvar reingjeringsoppgåve.
- Personalet skal lærast opp til å nytte korrekt fortynningsgrad ved bruk av ufortynna reingjeringsmiddel og til å nytte høveleg doseringsutstyr.
- Personalet skal lærast opp til å oppbevare reingjeringsmiddel på ein eigna måte.
- Opplæringa skal omfatte størst mogleg reduksjon av talet på reingjeringsmiddel som vert nytta, med sikte på å redusere risikoen for overforbruk og feil bruk av reingjeringsmidla.

Energisparing:

- Personalet skal lærast opp til å nytte uoppvarma vatn til fortynning av midla, med mindre produsenten har opplyst om noko anna.
- Når det er aktuelt, skal personalet lærast opp til å nytte det vaskeprogrammet og den temperaturen som er best eigna, både for industri- og hushaldsvaskemaskiner.
- Når det er aktuelt, skal personalet lærast opp til å sløkkje lyset når dei er ferdige med oppgåvene sine.

Vassparing:

- Personalet skal lærast opp til å nytte mikrofiberprodukt der det høver, for å redusere bruken av vatn og reingjeringsmiddel mest mogleg.

Avfall:

- Personalet skal lærast opp til å nytte varige reingjeringsartiklar som kan nyttast fleire gonger, og redusere bruken av eingongsartiklar (til dømes hanskar) mest mogleg, når dette ikkje er i strid med krava til tryggleik og hygiene for personalet.
- Personalet skal lærast opp til å handtere spillvatn på korrekt måte.
- Personalet skal få særleg opplæring i avfallshandtering, slik at dei får hjelp til å kunne oppfylle krava i kriterium M6 og kriterium O7 når dette er aktuelt. Opplæringa skal omfatte handtering av fast avfall, både i lokala til føretaket og på reingjeringsstadene.

Helse og tryggleik:

- Personalet skal få opplysningar om spørsmål som gjeld helse, tryggleik og miljø i samband med reingjeringsoppgåver, og oppmuntrast til å følgje best mogleg praksis. Dette skal omfatte opplysningar om
 - tryggleiksdatablad og handtering av kjemikalier,

- ergonomi og gjeldande nasjonal lovgjeving om helse og tryggleik på arbeidsplassen,
- fjerning, reingjering og oppbevaring av hanskar til fleirgongsbruk (dersom det er aktuelt), og
- trafikktryggleik og miljøvenleg køyring (gjeld søkjarar der reingjeringspersonalet har ansvar for å køyre som ein del av tenesteytinga).

Alt nytt personale som vert tilsett fast og mellombels, skal få høveleg opplæring innan seks veker etter første arbeidsdagen. Personalet skal få ei oppfrisking av alle sidene ved dette kriteriet minst ein gong i året. Denne oppfriskinga treng ikkje vere identisk med den innleiande opplæringa som vert gjeven til alt personale, men skal omfatte alle miljøspørsmåla som er oppførte, og sikre at det personalet som det gjeld, er fullt medvitne om kva ansvarsområde dei har.

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ei årleg utgreiing om opplæringsprogrammet (dato og type – innleiande opplæring eller oppfrisking), innhaldet i programmet og opplysningar om kven av personalet som har fått opplæring. Søkjaren skal òg leggje fram kopiar av framgangsmåtar og informasjon til personalet om spørsmål som gjeld opplæring. Dato og type opplæring av personalet skal registrerast som prov på at oppfriskinga har funne stad.

Dersom opplæringa vert gjeven som ein del av eit eksternt opplæringsprogram, kan det leggjast fram dokumentasjon som viser at personalet har teke del i opplæringa (til dømes opplæringssertifikat), og innhaldet i opplæringa, på det vilkåret at dei emna som er oppførte i dette kriteriet, er dekte.

Dersom eit føretak tek over personale frå ein annan tenesteytar, anten fast eller mellombels, og dersom personalet har fått opplæring i det førre året, krevst det inga ny opplæring dersom det kan leggjast fram dokumentasjon (til dømes opplæringssertifikat) som viser at personalet har teke del i eit opplæringsprogram som omfattar dei aktuelle emna.

Kriterium M5 — Grunnleggjande delar av ei miljøstyringsordning

Søkjaren skal oppfylle minstekrava til ei miljøstyringsordning ved å gjennomføre følgjande:

- Ein *miljøpolitikk* som peikar ut dei mest relevante direkte og indirekte miljøverknadene, og viser kva politikk organisasjonen har overfor desse verknadene.
- Eit detaljert *handlingsprogram* som sikrar at miljøpolitikken til føretaket vert nytta på dei tenestene som vert ytte. Handlingsprogrammet skal òg innehalde mål for miljøprestasjonen når det gjeld ressursbruk (til dømes reduksjon av reingjeringsmiddelbruken) og tiltak for å redusere miljøverknadene. Fastsetjinga av mål og tiltak skal utfyllast ved innsamling av opplysningar om ressursbruk og andre miljøaspekt (til dømes avfallsproduksjon).
- Ein *intern evalueringsprosess* som skal gjennomførast årleg for å vurdere prestasjonen til organisasjonen i høve til dei måla som er fastsette i handlingsprogrammet. Resultata frå evalueringa skal nyttast av organisasjonsleiinga med sikte på ei kontinuerleg betring av prestasjonen ved å ajourføre miljøpolitikken og handlingsprogrammet.

Miljøpolitikken og miljøprestasjonen til organisasjonen med omsyn til dei fastsette måla skal gjerast tilgjengelege for ålmenta i lokala til søkjaren.

Det skal takast omsyn til kommentarar og tilbakemeldingar som kundane har gjeve, og som er samla inn ved hjelp av eit spørjeskjema eller ei sjekkliste.

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ein kopi av miljøpolitikken, handlingsprogrammet, evalueringsrapporten og dei framgangsmåtane som er innførte for å ta omsyn til kommentarar og tilbakemeldingar frå kundane. Evalueringsrapporten skal omfatte ei liste over eventuelle korrigerande tiltak som skal gjerast, og skal gjerast tilgjengeleg for det rette organet så snart som mogleg etter datoen då det er søkt om tildeling av EU-miljømerket. På oppmoding frå det rette organet skal det leggjast fram ajourført dokumentasjon for å påvise samsvar i det tidsrommet som miljømerket er tildelt for.

Søkjarar som er registrerte i EMAS og/eller er sertifiserte i samsvar med ISO 14001, og søkjarar som tilhøyrrer ein organisasjon som er registrert i EMAS og/eller er sertifisert i samsvar med ISO 14001, vert rekna for å ha oppfylt dette kriteriet dersom dei legg fram EMAS-registreringa og/eller ISO 14001-sertifikatet som prov på samsvar.

Kriterium M6 — Sortering av fast avfall i lokala til søkjaren

Dette kriteriet omfattar berre avfall som vert produsert i lokala til søkjaren.

Søkjaren skal gjere det mogleg for personalet å sortere avfall som vert produsert i lokala til søkjaren, i høvelege kategoriar av avfallsstraumar, slik at avfallet kan sendast til handsaming (til dømes attvinning, forbrenning) eller til slutthandsaming i samsvar med lokale eller nasjonale retningslinjer og rutinar for avfallshandtering.

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal leggje fram ei samsvarsfråsegn som er underbygd med ei oversikt over dei ulike kategoriane av fast avfall som vert samla inn og sortert i lokala til søkjaren. Det skal òg leggjast fram ei oversikt over dei ulike straumane av fast avfall som er godkjende for vidare handsaming eller slutthandsaming av lokale styresmakter og/eller private organisasjonar (i medhald av gjeldande kontraktar).

Kriterium M7 — Opplysningar på EU-miljømerket

Retningslinjene frå Kommissjonen for bruk av det valfrie merket med tekstfelt kan finnast på nettstaden http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/documents/logo_guidelines.pdf.

Eit valfritt merke med tekstfelt skal innehalde følgjande tekst:

«[Leverandør i medhald av artikkel 3 nr. 2] gjer aktive tiltak for at innandørs reingjeringsstenester skal leverast med redusert miljøverknad ved

- bruk av miljømerkte reingjeringsmiddel,
- særleg opplæring av personalet,
- innføring av ei miljøstyringsordning.»

Vurdering og kontroll

For å oppfylle dette kriteriet skal søkjaren leggje fram ei samsvarsfråsegn der det vert gjort greie for korleis logoen skal visast.

VALFRIE KRITERIUM

Kriterium O1 — Omfattande bruk av reingjeringsmiddel som har liten innverknad på miljøet (opp til 3 poeng)

Dette kriteriet omfattar berre produkt som vert nytta direkte ved utføring av EU-miljømerkte innandørs reingjeringsstenester.

Søkjaren skal tene opp poeng på grunnlag av kor stor prosentdel av innkjøpsvolumet for alle reingjeringsmiddel som vert nytta per år, bortsett frå våtserviettar og andre førehandsfukta produkt, som har fått tildelt EU-miljømerket for reingjeringsmiddel til harde overflater eller eit anna EN ISO 14024 type I-miljømerke som er offisielt godkjent nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane, på følgjande måte:

- Minst 65 %: 1 poeng
- Minst 75 %: 2 poeng
- Minst 95 %: 3 poeng

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal kvart år leggje fram opplysningar (handelsnamn og produktmengd) og dokumentasjon (medrekna relevante fakturaer eller lagerlister) som viser kva reingjeringsmiddel som vert nytta i samband med kontraktar om EU-miljømerkte innandørs reingjeringsstenester. Dersom det vert nytta produkt som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet og/eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med avgjerd (EU) 2017/1217. Dersom det vert nytta produkt med eit anna ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket og/eller av etiketten på emballasjen.

Kriterium O2 — Bruk av konsentrerte ufortynna reingjeringsmiddel (opp til 3 poeng)

Dette kriteriet omfattar berre produkt som vert nytta direkte ved utføring av EU-miljømerkte innandørs reingjeringsstenester.

Søkjaren skal tene opp poeng på grunnlag av kor stor prosentdel av innkjøpsvolumet for alle reingjeringsmiddel som vert nytta per år, bortsett frå våtserviettar, andre førehandsfukta produkt og produkt som vert nytta til impregnering og konservering av moppar (ved maskinvask), som har ein fortynningsgrad på minst 1:100, på følgjande måte:

- Minst 15 %: 1 poeng
- Minst 30 %: 2 poeng
- Minst 50 %: 3 poeng

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal kvart år leggje fram opplysningar (handelsnamn og produktmengd) og dokumentasjon (medrekna relevante fakturaer eller lagerlister) som viser reingjeringsmiddelbruken. For kvart produkt skal det leggjast fram dokumentasjon om kva fortynningsgrad som vert nytta (tryggleiksdatablad, bruksrettleiing eller annan relevant informasjon). Dersom eit produkt kan nyttast i ulike fortynningsgrader, skal det opplystast om den fortynningsgraden som det ifølgje interne instruksjonar til personalet er mest vanleg å nytte. For bruksferdige produkt skal fortynningsgraden merkjast som éin.

Kriterium O3 — Omfattande bruk av mikrofiberprodukt (opp til 3 poeng)

Dette kriteriet omfattar berre reingjeringsartiklar av tekstil som kan nyttast fleire gonger, og som vert nytta direkte ved utføring av EU-miljømerkte innandørs reingjeringsstenester.

Søkjaren skal tene opp poeng på grunnlag av kor stor prosentdel av reingjeringsartiklane av tekstil (til dømes klutar, moppar) som vert nytta per år, som er framstilte av mikrofiber, på følgjande måte:

- Minst 65 %: 1 poeng
- Minst 75 %: 2 poeng
- Minst 95 %: 3 poeng

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal kvart år leggje fram opplysningar (type og produktmengd) og dokumentasjon (medrekna relevante fakturaer eller lagerlister) som viser kva reingjeringsartiklar av tekstil som vert nytta, og opplyse om kva artiklar som er framstilte av mikrofiber.

Kriterium O4 — Bruk av reingjeringsartiklar som har liten innverknad på miljøet (opp til 4 poeng)

Dette kriteriet omfattar berre reingjeringsartiklar som vert nytta direkte ved utføring av EU-miljømerkte innandørs reingjeringsstenester.

O4 a) Moppar (opp til 2 poeng)

Søkjaren skal tene opp poeng på grunnlag av kor stor prosentdel moppar som vert nytta per år, som har fått tildelt EU-miljømerket for tekstilprodukt eller eit anna EN ISO 14024 type I-miljømerke som er offisielt godkjent nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane, på følgjande måte:

- Minst 20 %: 1 poeng
- Minst 50 %: 2 poeng

O4 b) Klutar (opp til 2 poeng)

Søkjaren skal tene opp poeng på grunnlag av kor stor prosentdel klutar som vert nytta per år, som har fått tildelt EU-miljømerket for tekstilprodukt eller eit anna EN ISO 14024 type I-miljømerke som er offisielt godkjent nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane, på følgjande måte:

- Minst 20 %: 1 poeng
- Minst 50 %: 2 poeng

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal kvart år leggje fram opplysningar (type og produktmengd) og dokumentasjon (medrekna relevante fakturaer eller lagerlister) som viser kva reingjeringsartiklar som vert nytta i samband med kontraktar om EU-miljømerkte innandørs reingjeringsstenester. Dersom det vert nytta produkt som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet og/eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med kommisjonsavgjerd 2014/350/EU⁽¹⁾. Dersom det vert nytta produkt med eit anna ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket og/eller av etiketten på emballasjen.

Kriterium O5 — Energieffektivitet for støvsugarar (3 poeng)

Dette kriteriet omfattar berre støvsugarar som er omfatta av verkeområdet for delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 665/2013⁽²⁾. Våtstøvsugarar, våt- og tørrstøvsugarar, robotstøvsugarar, industristøvsugarar, sentralstøvsugarar og batteridrivne støvsugarar, golvbonemaskiner og utandørsstøvsugarar er ikkje omfatta av verkeområdet for den nemnde forordninga.

Minst 40 % av støvsugarane (avrunda oppover til nærmaste heiltal) som søkjaren eig eller leiger for å yte EU-miljømerkte innandørs reingjeringsstenester, skal på kjøpstidspunktet ha minst følgjande energieffektivitetsklassar slik det er fastsett i delegert forordning (EU) nr. 665/2013:

- Klasse A for støvsugarar som er kjøpte før 1. september 2017.
- Klasse A+ for støvsugarar som er kjøpte etter 1. september 2017.

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon som viser at produkta oppfyller krava til energiklasse (til dømes faktura for innkjøpt støvsugar og eit produktdatablad slik det er fastsett i vedlegg III til delegert forordning (EU) nr. 665/2013), saman med ei fullstendig liste over dei støvsugarane som vert nytta ved yting av EU-miljømerkte tenester.

Kriterium O6 — EMAS-registrering eller ISO 14001-sertifisering av tenesteytaren (opp til 5 poeng)

Søkjaren skal vere registrert i unionsordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) (5 poeng) eller vere sertifisert i samsvar med ISO-standard 14001 (3 poeng).

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal leggje fram EMAS-registreringa eller ISO 14001-sertifikatet som prov på at dette kriteriet er oppfylt.

Kriterium O7 — Handtering av fast avfall på reingjeringsstadene (2 poeng)

Dette kriteriet skal nyttast berre dersom kundane til søkjaren syter for at reingjeringspersonalet kan sortere avfall i høvelege straumar av fast avfall, og gjeld berre fast avfall som vert produsert ved yting av EU-miljømerkte innandørs reingjeringsstenester (til dømes reingjeringsmiddelemballasje som ikkje kan nyttast om att, og emballasje til forbruksvarer), og fast avfall som vert sortert på reingjeringsstadene på førehand (til dømes av personalet til kunden).

Reingjeringspersonalet skal sortere fast avfall som vert produsert under tenesteytinga, og kvitte seg med det sorterte og førehandssorterte avfallet i eigna behaldarar på eller i nærleiken av reingjeringsstadene. Dette skal gjerast alle stader der kundane syter for at avfall kan sorterast i høvelege straumar av fast avfall (til dømes avfallsbehaldarar for straumar av fast avfall) og sendast til handsaming (til dømes attvinning, forbrenning) eller til slutthandsaming i samsvar med lokale eller nasjonale retningslinjer og rutinar for avfallshandtering og/eller relevante avtaler med attvinningstenesteytarar.

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal for kvar reingjeringsstad som det gjeld, leggje fram ei samsvarsfråsegn saman med ei oversikt over dei ulike straumane av fast avfall som vert godtekne av dei lokale styresmaktene, og/eller relevante avtaler med attvinningstenesteytarar.

⁽¹⁾ Kommisjonsbeslutning 2014/350/EU av 5. juni 2014 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til tekstilprodukter (TEU L 174 av 13.6.2014, s. 45).

⁽²⁾ Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 665/2013 av 3. mai 2013 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av støvsugarar (TEU L 192 av 13.7.2013, s. 1).

Kriterium O8 — Kvalitet på tenesta (opp til 3 poeng)

Søkjara skal tene opp 2 poeng dersom dei oppfyller dei krava som er fastsette nedanfor, eller 3 poeng dersom dei har ISO 9001- eller Nordic INSTA 800-sertifisering.

Søkjaren skal oppnemne ein arbeidsleiar og innføre framgangsmåtar for overvaking, vurdering og betring av kvaliteten på reingjeringa, slik det er gjort greie for nedanfor. Arbeidsleiaren kan vere driftssjefen, ein formann eller ein koordinator som er oppnemnd for å organisere og føre tilsyn med reingjeringsarbeidet.

Søkjaren skal innføre følgjande:

- Framgangsmåtar for overvaking, vurdering og betring av dei reingjeringsoppgåvene som søkjaren utfører (sjå nærmare omtale nedanfor).
- Tiltak for å betre reingjeringskvaliteten, til dømes på grunnlag av svar på kundeundersøkingar.

I tillegg skal søkjaren utarbeide skriftlege instruksjonar som skal underskrivast av leiargruppa til søkjaren, og som skal omfatte dei arbeidsoppgåvene som skal inngå i tenesta. Desse skriftlege instruksjonane skal gjevast til reingjeringspersonalet og vere tilgjengelege i lokala til søkjaren og/eller på reingjeringsstadene.

Instruksjonane skal minst omfatte følgjande:

- Ei omtale av oppgåva (til dømes reingjering av kontor, sanitærrum, vindauger).
- Kvalitet (til dømes forventa reinleik, standardisert sjekklister).
- Kor ofte reingjeringa skal utførast (til dømes éin gong per veke).
- Kva gjenstandar som skal reingjerast (til dømes, bord, stolar, utslagsvaskar).
- Kva metodar som skal nyttast (til dømes utstyr og metode for reingjering av ulike område eller gjenstandar).

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal leggje fram ISO 9001- eller INSTA 800-sertifikatet eller ei samsvarsfråsegn, underbygd med følgjande:

- Eit dokument som opplyser om kven som er den ansvarlege leiaren for at dette kriteriet vert oppfylt (eit organisasjonskart kan nyttast til å vise organisasjonsstrukturen til søkjaren og identifisere leiaren).
- Føretaksdokument som viser dei framgangsmåtane som er knytte til reingjeringskvalitet. Merknad: Dersom desse framgangsmåtane oppfyller krava i EN 13549 («Rengjering – Grunnleggjende krav og anbefalingar for kvalitetsmålesystemer») og/eller ein regional standard for kvalitetsstyring (til dømes INSTA 800: «Rengjæringskvalitet — System for å fastsette og bedømme rengjæringskvalitet»), kan søkjaren leggje fram eit samsvarssertifikat.
- Skriftlege arbeidsinstruksjonar, underskrivne av leiargruppa til søkjaren, som omfattar arbeidsoppgåvene som skal inngå i tenesteytinga.

Kriterium O9 — Køyretøy som søkjaren eig eller leiger (opp til 5 poeng)

Dette kriteriet omfattar berre køyretøy som søkjaren eig og/eller leiger, og som vert nytta ved yting av EU-miljømerkte innandørs reingjeringstenester. Køyretøya kan vere drivne av muskelkraft (varesyklar), muskelkraft og elektrisk hjelpemotor (elektriske varesyklar) og lette passasjer- eller nyttekøyretøy som vert nytta av arbeidsleiarar, tilsynspersonale, reingjeringspersonale, inspektørar og andre personar som på ein eller annan måte tek del i ytinga av reingjeringstenesta.

Delkriterium O9 a) omfattar òg hybridkøyretøy, men ikkje elektriske køyretøy.

Delkriterium O9 b) omfattar nullutsleppskøyretøy.

Privateigde køyretøy som vert nytta ved tenesteytinga, er ikkje omfatta av dette kriteriet.

O9 a) Køyretøy som oppfyller den europeiske utsleppsstandard Euro 6 (1 poeng)

Minst 50 % av køyretøya (avrunda oppover til nærmaste heiltal) som er eigde eller leigde av søkjaren og vert nytta ved yting av EU-miljømerkte innandørs reingjeringstenester, skal oppfylle krava i den europeiske utsleppsstandard Euro 6 for lette passasjer- og nyttekøyretøy.

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal leggje fram relevant dokumentasjon som viser kva køyretøy som vert nytta ved yting av reingjeringstenestene, og som viser at dei er eigde eller leigde av søkjaren, og skal opplyse om kva køyretøy som er i samsvar med standarden Euro 6. Dei offentlege registreringsdokumenta til køyretøya kan nyttast som prov på at kriteriet er oppfylt, saman med samsvars-sertifikatet.

O9 b) Nullutsleppskøyretøy (2 poeng)

Minst 10 % av køyretøya (avrunda oppover til nærmaste heiltal) som er eigde eller leigde av søkjaren og vert nytta ved yting av EU-miljømerkte innandørs reingjeringstenester, skal vere nullutsleppskøyretøy slik det er fastsett ved prøvingar etter den nye europeiske køyresyklusen (NEDC), slik det er gjort greie for i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 715/2007⁽¹⁾, av køyretøy drivne av muskelkraft (varesyklar) eller køyretøy drivne av muskelkraft og elektrisk hjelpemotor (elektriske varesyklar).

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal leggje fram relevant dokumentasjon som viser kva køyretøy som vert nytta ved yting av EU-miljømerkte innandørs reingjeringstenester, og som viser at dei er eigde eller leigde av søkjaren, og skal opplyse om kva køyretøy som er nullutsleppskøyretøy. Dei offentlege registreringsdokumenta til køyretøya kan nyttast som prov på at kriteriet er oppfylt, saman med dokumentasjon frå produsenten som viser prøvingsresultata frå NEDC.

O9 c) Transportplan frå føretaket (2 poeng)

Søkjaren skal utarbeide ein transportplan for føretaket med sikte på å redusere drivstofforbruket mest mogleg, fastsetje eit mål for redusert drivstofforbruk (per reingjeringsstad) og føre årlege oversikter over vedlikehald av køyretøya.

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal leggje fram ein kopi av transportplanen frå føretaket, dei nyaste måla for redusert drivstofforbruk og utviklinga når det gjeld årleg drivstofforbruk på grunnlag av talet på reingjeringsstader. Søkjaren skal leggje fram ein kopi av vedlikehaldsplanen for køyretøya. Oversiktene over vedlikehald av køyretøya kan nyttast som prov på at kriteriet er oppfylt.

Kriterium O10 — Effektiviteten til vaskemaskiner som søkjaren eig eller leiger (opp til 4 poeng)

Dette kriteriet skal berre nyttast på vaskemaskiner som søkjaren eig eller leiger, og som anten er plassert i lokala til søkjaren eller på reingjeringsstadene, og som vert nytta til å vaske klutar, moppar og arbeidstøy som personalet nyttar ved yting av EU-miljømerkte innandørs reingjeringstenester.

Delkriterium O10 a) skal berre nyttast ved bruk av hushaldsvaskemaskiner som er omfatta av delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1061/2010⁽²⁾, og kommisjonsforordning (EU) nr. 1015/2010⁽³⁾.

O10 a) Energietikett (opp til 2 poeng)

Søkjaren skal tene opp poeng på grunnlag av kor stor prosentdel av hushaldsvaskemaskinene (avrunda oppover til nærmaste heiltal) som oppfyller EU-krava til energimerking i energieffektivitetsklasse A++ eller A+++ i medhald av delegert forordning (EU) nr. 1061/2010, på følgjande måte:

- Minst 50 % av maskinene er i klasse A++: 1 poeng
- Minst 90 % av maskinene er i klasse A++: 2 poeng
- Minst 50 % av maskinene er i klasse A+++: 2 poeng

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 715/2007 av 20. juni 2007 om typegodkjenning av motorvogner med hensyn til utslipp fra lette person- og nyttekjøretøyer (Euro 5 og Euro 6) og om tilgang til opplysninger om reparasjon og vedlikehold av kjøretøyer (TEU L 171 av 29.6.2007, s. 1).

⁽²⁾ Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1061/2010 av 28. september 2010 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av hushaldsvaskemaskiner (TEU L 314 av 30.11.2010, s. 47).

⁽³⁾ Kommisjonsforordning (EU) nr. 1015/2010 av 10. november 2010 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF med omsyn til krav til miljøvenleg utforming av hushaldsvaskemaskiner (TEU L 293 av 11.11.2010, s. 21).

O10 b) Vassforbruk (2 poeng)

Hushaldsvaskemaskiner: Vassforbruket til hushaldsvaskemaskiner som søkjaren eig eller leiger, skal vere lågare enn eller lik dei referanseverdiane for vassforbruk som er fastsette i vedlegg IV til forordning (EU) nr. 1015/2010. Referanseverdiane skal målast i samsvar med standarden EN 60456, og ved bruk av standardprogrammet for vask av bomull ved 60 °C.

Produktundergruppe	Vassforbruk: [liter/syklus]
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 3 kg	39
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 3,5 kg	39
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 4,5 kg	40
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 5 kg	39
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 6 kg	37
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 7 kg	43
Hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 8 kg	56

OG

Vaskemaskiner til kommersiell bruk: Vassforbruket til vaskemaskiner til kommersiell bruk som søkjaren eig eller leiger, skal vere lågare enn eller lik 7 liter per kg vask.

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal kvart år leggje fram opplysningar (ei liste over alle hushaldsvaskemaskiner som han eig, og som vert nytta til å vaske klutar, moppar og arbeidstøy som personalet nyttar ved yting av EU-miljømerkte innandørs reingjeringstenester) og dokumentasjon som viser energieffektivitetsklassen til dei eksisterande hushaldsvaskemaskinene.

Produktdatablad i samsvar med vedlegg II til delegert forordning (EU) nr. 1061/2010 kan nyttast som prov på at dette kravet er oppfylt.

Dersom dokumentasjonen som er nemnd ovanfor, ikkje er tilgjengeleg, kan samsvaret med kriterium O10 b) provast ved å leggje fram dokumentasjon som viser det samla årlege vassforbruket. I slike tilfelle skal det nyttast ein standardverdi på 220 vaskesyklusar per år.

Kriterium O11 — Miljømerkte tenester og andre miljømerkte produkt (opp til 5 poeng)

Dette kriteriet skal nyttast på bruken av miljømerkte tenester og/eller produkt som er definerte som tenester og/eller produkt som ikkje vert nytta direkte ved utføring av EU-miljømerkte innandørs reingjeringstenester, men som vert nytta til å støtte den delen av den daglege forretningsdrifta til søkjaren som gjeld yting av EU-miljømerkte innandørs reingjeringstenester. Dette kan omfatte, men er ikkje avgrensa til, tenester som søkjaren set ut til ein tredjemann (til dømes tekstilvask og bilvask). Tenestene kan omfatte produkt som tekstilvaskemiddel, oppvaskmiddel og kopieringspapir.

O11 a) Miljømerkte tenester (opp til 2 poeng)

100 % av ei teneste av ein viss type vert sett ut til ein tenesteytar som er tildelt EU-miljømerket eller eit anna EN ISO 14024 type I-miljømerke som er offisielt godkjent for denne tenesta nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane (1 poeng for kvar teneste, opp til 2 poeng til saman).

O11 b) Miljømerkte produkt (opp til 3 poeng)

100 % av produkteiningar i ei viss produktgruppe som er tildelt EU-miljømerket eller eit anna EN ISO 14024 type I-miljømerke som er offisielt godkjent nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane (0,5 poeng for kvar produktgruppe, opp til 3 poeng til saman).

Merknad: Miljømerkte produkt som klutar og moppar, og forbruksvarer som vert leverte som ein del av kontrakten med kunden, høyrer ikkje inn under verkeområdet for dette kriteriet. I dette delkriteriet vert «produktgruppe» definert på same måte som i kriteria for tildeling av EU-miljømerket eller andre ISO type I-merke (til dømes «papirprodukt», «tekstilvaskemiddel», «tekstilprodukt»).

Vurdering og kontroll

O11 a) Søkjaren skal leggje fram høveleg dokumentasjon på at den eller dei utsette tenestene er sertifiserte med eit ISO type I-merke, saman med relevante fakturaer.

O11 b) Søkjaren skal leggje fram opplysningar og dokumentasjon (medrekna relevante fakturaer) som viser kor stor mengd av slike produkt som vert nytta, og ein kopi av relevante sertifikat for EU-miljømerket eller ISO type I-merket og/eller etikettar på emballasjen.

Kriterium O12 — Forbruksvarer og elektriske lufthandørkarar som vert leverte til kunden (opp til 3 poeng)

Dette kriteriet gjeld berre dersom søkjaren har ansvaret for å skaffe forbruksvarer som skal nyttast på reingjeringsstadene i minst éin kontrakt for utføring av EU-miljømerkte reingjeringsstenester. Kriteriet omfattar berre forbruksvarer og elektriske handørkarar som vert leverte som ein del av desse kontraktane:

O12 a) Handsåper (1 poeng)

Minst 70 % av den leverte mengda handsåper per år skal vere tildelt EU-miljømerket for kosmetiske produkt som vert skylde av, i samsvar med kommisjonsavgjerd 2014/893/EU⁽¹⁾, eller eit anna EN ISO 14024 type I-miljømerke som er offisielt godkjent nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane.

O12 b) Papirprodukt (1 poeng)

Minst 90 % av forbrukspapirprodukt (papir til personleg hygiene og absorberande papir), etter vekt eller volum, som vert levert per år, alt etter kva som er relevant, skal vere tildelt EU-miljømerket for mjukpapir i samsvar med kommisjonsavgjerd 2009/568/EF⁽²⁾, eller eit anna EN ISO 14024 type I-miljømerke som er offisielt godkjent nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane.

O12 c) Handklerullar av tekstil (1 poeng)

Minst 50 % av talet på leverte handklerullar av tekstil per år skal vere tildelt EU-miljømerket for tekstilprodukt i samsvar med kommisjonsavgjerd 2014/350/EU, eller eit anna EN ISO 14024 type I-miljømerke for tekstilprodukt eller tekstilhandkle i handkleautomatar, som er offisielt godkjent nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane.

O12 d) Elektriske handørkarar (1 poeng)

Alle elektriske handørkarar som søkjaren leverer og held ved like, skal vere utstyrte med avstandssensarar eller vere tildelte eit EN ISO 14024 type I-miljømerke som er offisielt godkjent nasjonalt eller regionalt i medlemsstatane.

Vurdering og kontroll

Søkjaren skal for kvar kontrakt om EU-miljømerkte tenester, anten dei omfattar levering av forbruksvarer eller ikkje, kvart år gje opplysningar (om handelsnamn og vekt, volum eller tal på einingar) og dokumentasjon (medrekna relevante fakturaer eller lagerlister) som viser kva forbruksvarer som er leverte. Dersom det vert nytta produkt som er tildelte EU-miljømerket, skal søkjaren leggje fram ein kopi av EU-miljømerkesertifikatet og/eller av etiketten på emballasjen som viser at merket vart tildelt i samsvar med anten

— avgjerd 2014/893/EU,

— avgjerd 2009/568/EF,

— avgjerd 2014/350/EU.

⁽¹⁾ Kommisjonsbeslutning 2014/893/EU av 9. desember 2014 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til kosmetiske produkter som skylles av (TEU L 354 av 11.12.2014, s. 47).

⁽²⁾ Kommisjonsvedtak 2009/568/EF av 9. juli 2009 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til mykpapir (TEU L 197 av 29.7.2009, s. 87).

Dersom det vert nytta produkt med eit anna ISO type I-merke, skal søkjaren leggje fram ein kopi av sertifikatet for type I-merket og/eller av etiketten på emballasjen.

For elektriske handtørkarar skal søkjaren leggje fram dokumentasjon med prov på korleis krava er oppfylte (til dømes etikett på emballasjen eller tekniske opplysningar som viser at produktet er sertifisert med eit ISO type I-merke eller utstyrt med avstandssensorar).
